


# Aktiv dame 100 år



*Emma Ulla er fødd 26. januar 1889, og feirar 100-årsdagen sin på Vegsund sjukeheim.*

**ARNSTEIN SÆTHRE**  
**MATTIS THORESEN** (foto)

Ho siterer Ivar Aasen utan å stusse på eit ord. Ho er dagleg i aktivitet i arbeidsstova, og det hender også ho kan synge ein trall. I dag fyller ho 100 år, Emma Ulla.

Som namnet seier, har Emma Ulla bodd det meste av livet sitt på Ulla på Haramsøy. Mannen hennar, Gustav Vebjørn, dreiv forretning der. Sjølv vart ho vide

kjend som forsongar i mange samanhengar, og var mellom dei ivrigaste i songkoret som hadde øving kvar einaste søndagskveld.

Sidan i fjor sommar har ho bodd på Vegsund sjukeheim. Dei siste 30 åra har ho nemleg halde hus i Ratvika, der sonen Per bygde hus.

Emma Ulla er fødd i Hovdebygda i Ørsta i 1889. I Ørsta gjekk ho også på folkehøgskule, før ho reiste til Bergen og gjekk i sylære

og tok til å arbeide i ei kjoleforretning.

Tida på Ulla minnest ho som ei fin tid. – Det er berre kjekke folk der, seier ho og minnest ikkje minst den gode fellesskapen i songkoret. Ho har også berre godord til overs for dei ho bor saman med på sjukeheimen. – Vi er som ein stor familie, meiner ho, og er glad ho er så frisk ho kan gå dit ho vil og stelle seg med det meste sjølv.